

Referat frå møte i regionalt planforum

Bjørnafjorden kommune – kommuneplanens arealdel i prosess

16. juni 2026 kl 12.30.-14.30, digitalt på teams

Møteleiar: Eva Katrine Ritland Taule

Referent: Synne Guldborg

Deltakarar:

Bjørnafjorden kommune

Marie Bruarøy	Varaordførar
Trine Lindborg	Medlem formannskapet
Eystein Venneslan	Kommunalsjef samfunnsutvikling
Kaisa Banne	Konstituert leiar planavdelinga / Prosjektgruppemedlem
Ragnhild Lønningdal	Arealplanleggar / Prosjektleiar KPA
Elisabeth Totland	Juridisk rådgjevar / Prosjektgruppemedlem
Ingrid Tøsdal	Spesialrådgjevar / Prosjektgruppemedlem
Mari Lyssand	Kommunikasjonsrådgjevar / Prosjektgruppemedlem
Veronica Olsen	Arealplanleggar
Malin Breland	Samfunnsplanleggar

Statlege instansar

Sarah Kvåle Skouen	Statsforvaltaren
Åshild Hjørnevik Vatselle	Statsforvaltaren - landbruk
Steinar Garmann Sørli	Statsforvaltaren - klimakoordinator
Gabriel Yttri	Statsforvaltaren
Turid Susort Jansen	Kystverket
Cato Dørmænen	Forsvarsbygg
Gert Vidar Høgseth	NVE

Vestland fylkeskommune

Eva Katrine Ritland Taule	NPI – PKA fagansvarleg kommunal plan
Synne Guldborg	NPI - PKA
Hilde Elin Brigtsen	NPI – PKA - kommunekontakt
Tine Sille Svendsen	NPI – PKA klima
James Klauset Holtom	NPI – PKA analyse
Marlene Sørli	NPI – NLR vassmiljø
Lars Øyvind Birkenes	KFO - kulturarv
Tommy Stamnesfet Loddengaard	INV
Kari Louise Elster Moen	INV
Gunhild Raddum	MOK

Kommuneplanen sin arealdel i prosess

Orientering frå kommunen –

- Kommunen ynskjer å drøfte utfordringar og få tilbakemelding på følgande tema:
 - Senterstruktur og bustad
 - Overordna planvask
 - Arealstrategi næring
- Framdrift
- Har gjennomført ekstra innspelsrunde på næring fram til 29.mai. I tillegg har politikarane bedt administrasjonen finne fleire næringsareal
 - Har hatt gjennomgang av innspel i formannskapet som styringsgruppe

- Planforslag mars 2027 – endeleg vedtak i desember 2027
- Senterstruktur Bjørnafjorden Aust
 - Analyse av strukturen på Fusa-sida - svak folketalsutvikling og til dels reduksjon i innbyggartal
 - Møte med bygdelag – god oppslutning, sterkt ynskje om senter der folk bur
 - 65 innspel tatt med vidare til KU
- Administrasjonen har tilrådd Eikelandssosen som lokalsenter og Fusa og Strandvik som nærsenter.
- Baldersheim vert ikkje vidareført som nærsenter
 - Politisk vedtak om å vurdere Holmefjord som nærsenter og at ein vurderer å opne for fleirmannsbustader i nokre LNF-område
- Overordna planvask
 - Kommunen har stor planreserve, særleg bustad og senterstruktur – nyttar arealrekneskapen til VLFK for å velje ut område
 - Har fått konkrete innspel frå innbyggjarar + innspel frå statsforvaltar
 - Ser i hovudsak på større område, vil nytte KU-metodikk på større ubygde område. Mindre område får ein forenkla gjennomgang
- KDP Bjørnafjorden vest er ein relativt ny plan – Her vil ein sjå på større område og fokusere på naturmangfald, karbonrike areal og jordvern
 - Ynsker tilbakemelding på
 - Er omfanget/nivået tilstrekkeleg
 - Kan vi få tilbakemelding på konkrete område som må vurderast
- Arealstrategi på næring i planomtalen
 - Informere om at ein ser nærare på næringsareal etter politisk bestilling.
 - Kommunen har behov for næringsareal, særleg til arealkrevjande næring.
 - Større næringsareal i KDP Bjørnafjorden vest er konfliktfylte og kommunen får motsegn ved regulering av desse.
 - Vil nytte ABC metodikk. Etablerer arbeidsgruppe der mellom anna næring hos VLFK deltek.
- Medverknad
 - Planprogrammet legg opp til tematiske arbeidsmøte, men har fått tilbakemelding frå høyringsinstansane at det er utfordrande. Er det mogleg å få til?
 - Er det aktuelt med førehandshøyring i oktober (ref. rettleiar)?

Tilbakemeldingar frå statlege instansar og regionale styresmakter

Framdrift og vidare prosess

- VLFK signaliserer at det er knapt med 6 veker frist for å nå politisk handsaming i fylkesutvalet
- Oppmodar til å komme i planforum til hausten
- Statsforvaltar er positiv til å stille på temamøte, kommunen må ta kontakt. Det vil være for ressurskrevjande å ta stilling til konkrete planforslag før høyring
- Forsvarets interesser på sjø og land i kommunen skal vidareførast og det bør vurderast om bestemmelser og formål treng styrkast som del av planvask. Vegleiar finnes på sidene til forsvarsbygg.no. Oppmoder til å ta kontakt

Planvask

Statsforvaltar:

- Vurderer at kommunen har en rett inngang.
- Kommunen har stor planreserve – viktig å få synleggjort grunngjeving for områda som vert vidareført.
- Stiller spørsmål til kva som er skilnaden på store og mindre område og ulike metodikk knytt til dei. Har tatt utgangspunkt i at alle områda vert vurdert ut frå skjema som er føreslått.
- Er ikkje krav om KU for område som vert vidareført frå gjeldande KPA, berre for ny arealbruk. Positivt at kommunen legg opp til en grundig vurdering, men stiller spørsmål til om KU-rapporten kan bli omfattande – det viktigaste er at vurderingane vert godt opplyst.

- Viser til nasjonalt jordevernmål - mykje av planreserven ligg på dyrka mark og som fritidsføremål som har låg samfunnsnytte. Viktig å ta vare på jordbruksareal som grensar til anna jordbruksareal, i forhold til drift
- Tipser om verktøy:
- Kilden - Verdiklassar på jordbruksareal
- Dyrkbart areal (NIBIO)
- Klimagasskalkulator NIBIO
 - Kommentar til skjema for planvask:
 - Bra med fokus på naturfare, men viktig å ta med annan type fare – som t.d. infrastruktur. Viktig å fange opp nye faremoment.
 - Det som står under overskrifta vurdering er fakta – manglar kolonne for vurdering.

Kommentar frå kommunen: Mange områder på Fusa har ikkje KU – Vil unngå motsegn på sakshandsamingsfeil. Nokre område på Os-sida er og aktuelle for KU. Mykje av det som er vist i planreserven kan vere sikra gjennom godkjent reguleringsplanar – vil oppdatere dette.

VLFK

- Viser til Voss herad som også er i gang med planvask
- Minner om at dersom en opphevar reguleringsplanar er det veglova som vil gjelde.
- Innspel til skjema for planvask:
 - Saknar mobilitet og vassmiljø som kriteria for vurdering
 - Bør ta med storleik på området og alder på planar
 - Saknar vurderinga og konsekvensen av dei ulike kriteria
- Tips om kartlag som er viktig ved vurdering av naturmangfald
 - [Kartlag naturskog](#)
 - [Hotspot for trua artar](#)
 - [Ingrepsfrie områder](#)
 - [Nyttbar myr og torvmark](#)
 - [Regnskog med tilhørende buffersoner](#)
 - [Kartlag grå areal](#) – godt utgangspunkt ved vurderinga av næringsareal

Kystverket

- Sjøtrafikk og veg er viktig å vurdere som del av infrastruktur ved planvask
- Ny rettleiar - oppmode om å bruke den
- Oppmode til å ta kontakt

Turisme knytt til gardsbruk

- Kommunen har fått mange innspel på turisme – ofte knyta til småbruk som ynskjer tilleggsnæring. Ein type næring som ein ikkje har hatt fokus på tidlegare – Ynskjer tilbakemelding på dette.
- Statsforvaltar viser til rettleiar for dette. Minner om at det fører med seg infrastruktur som parkering og tilkomst. Viktig å ha dette med i vurderingane om areala er eigna.

LNF spreidd bustad

VLFK – Kultur

- Viser til [rettleiar](#) og minner om at forhold til kulturminne må avklarast på siste plannivå, dette krev mykje av KU. Dersom det ikkje blir avklart blir det kommunen sitt ansvar
- Ligg store område til LNF spreidd bustad– kommunen bør vurdere bustadområde med reguleringskrav på enkelte område

Statsforvaltar

- Aktuelt formål å nytte der det ikkje er grunnlag for sterk vekst, men der ein ynskjer å ha moglegheit for noko utbygging
- Krav til utgreiing – reell fare må vere tilstrekkeleg avklart **på siste plannivå** – sjå rundskriv H 5/18

- Kommunen har fått midlar til naturkartlegging – kva er status på det? Kommunen kan ta kontakt for å avklare kva område som er aktuelle for kartlegging

NVE

- Fare må vere avklart på siste plannivå, eller sette plankrav der det er potensiell fare
- Viser til kartbasert rettleiar og ny rettleiar for bruk av motsegn som er digitalisert

Senterstruktur og bustad

Kommentar frå kommunen: Politisk vedtak om å sjå nærare på Holmefjord som mogleg nærsenter. Innspel frå bygdelag - viktig å oppretthalda funksjonane for innbyggjarane og mange innspel knytt til nordre Fusa. Er arbeidsplassar knytt til Samnøy, men mangel på bustader og lite variasjon i bustadtypar. Holmefjord er meir geografisk spreidd enn dei andre sentra. Kva konsekvensar har ein senterstatus for bruk av LNF spreidd bustad lenger nord?

VLFK:

- Saknar opplysningar om arbeidsplassar og samla vurdering av fakta
- Saknar barn- og unge sine interesser – tilgjengelegheit mellom sentra
- Viser til politisk vedtak om fleirmannsbustader i LNF spreidd – Dette er ikkje i innanfor formålet til LNF spreidd.
- Viktig med variasjon i bustadmassen for å tilrettelegge for demografiske endringar - Viser til døme frå Iveland kommune [Spenstig bustad- og sentrumsutvikling i Iveland - Husbanken](#)
 - Vurdere å nytte bustadformål i staden for LNF spreidd bustad
 - Støtte opp om eksisterande infrastruktur – g/s, kollektivhaldeplassar, bør og gjelde LNF spreidd bustad.
 - Bygge opp om eksisterande kollektivhaldeplassar. Marknadsgrunnlaget er avgrensa, mykje vil vere bilbasert. Anbefale å bygge opp rundt sentrum.
 - Viser til kart over bustadanalyse i Vestland – avstand til funksjoner som daglegvare, busshaldeplass. Kan levere kart som viser kva bustader som er bygd dersom kommunen er interessert.

Statsforvaltar:

- Rekkehus og leilighetsbygg normalt ikkje del av LNF spreidd. Kommunen må vurder kva dei ønsker inn i området – viktig å samle funksjonar, ikkje fortsette spreing

Spørsmål og innspel

- Statsforvaltar stiller seg disponible for arbeidsmøte for å diskutere strandsone – t.d fastsette anna byggegrense. Kan hjelpe til med prioritering

Kommentar frå kommunen: Har ikkje dette som tema i planarbeidet. Har bedt om innspel på eksisterande naust – få kart og terreng til å stemme.

- Kystverket: Viktig å planlegge godt i sjø – like viktig som på land. Positivt å samarbeide med nabokommunar. Bruk rettleia. Ta kontakt.
- Bra at kommunen deltek i klimanettverket. Ta kontakt dersom ei vil drøfte problemstillingar .
- Tips om nettverk stadutvikling for å skape gode nærmiljø.
- Ta gjerne kontakt for undervegs møter med VLFK-INV for å vurderer god/akseptabel infrastruktur. Kan vere aktuelt å delta i arbeidsgruppe næring.
- Fylkeskommunen har fått midlar til planvask, og ynskjer å ta kontakt i forhold til kunnskapsgrunnlag.